

Tidsressurspott og rådgjevarressurs

SFS2213; Utrekningar

Rådgjevar i kapittel 4 eller 5

Oppgåvene til rådgjevar

Korleis rekne ut tidsressurspotten på den einskilde skule

Kjelde:

SFS 2213 Arbeidstid skole

Pkt 7.3 Bestemmelser om tidsressurser i videregående opplæring

*a) Tidsressurspott
.... $2\frac{1}{3}$ * årsrammetimer per elev ved den enkelte skole....*

*Vedlegg 1 SFS2213 definerer kva
århammer som skal leggjast til
grunn:
 $607,5/810$*

**Årsrammetimer her er i $60/45$
minutter enheter*

Døme skule med 700 elevar:

$$(2,25 : 607,5) \times 700 = 2,59$$

$$2,59 \times 100\% = 259\% \text{ tidsressurs}$$

Korleis rekne ut rådgjevarressurs på den einskilde skule

Framleis SFS 2213 Arbeidstid skole

Pkt 7.3 Bestemmelser om tidsressurser i videregående opplæring

c) Rådgiver i videregående opplæring

...minimum $28,5/38^*$

årsrammetimer pr. påbegynt 25 elever pluss 5 %....

Vedlegg 1 SFS2213 definerer kva årrammer som skal leggjast til grunn:

$607,5/810$

*Årsrammetimer her er i $60/45$ minutter enheter

Kor stor ressurs gjev 25 elevar?

$$28,5 : 607,5 = 0,0469$$

$$0,0469 \times 100\% = 4,69$$

Døme på skule med 700 elevar:

$$700 : 25 = 28$$

$$(4,69 \times 28) + 5 = 136,32\%$$

Døme rådgjevar 40%

Ikkje-planfesta arbeidstid:
 $1687,5 - 1150 = 537,5$ timar

Lærar med 40% rådgjeving:
40 % av ikkje-planfesta tid er:
 $0,40 \times 537,5 = 215$ timar

Dvs 215 timar ytterlegare
planfesta arbeidstid på skulen.
Samla arbeidstid på skulen vert:
 $1150 + 215 = 1365$ timar

7,5 timer per dag i 196 dager
(som er 38 uker+6
planleggingsdager)

$38 \times 37,5 + 6 \times 7,5 = 1425 + 45 = 1470$
timer

Ein rådgjevar i 40% med 1365
arbeidstimer på skulen får 34,7
timar i snitt per veke.

Vedkomande skal dermed ikkje
utvide arbeidsåret.

Døme rådgjevar 75%

Rådgjevar i 75 % av stillinga.

Planfesta arbeidstid på skulen er 1150 timar.

Ekstra arbeidstid på skulen vert:
 $0,75 \times 537,5 = \text{ca } 403$ timar.

Samla arbeidstid på skulen vert:
 $1150 + 403 = 1553$ timar

Dette er meir enn 1470 timer som tilsvarer 7,5 t/dag skuleåret + 6 planleggings dagar.

$1553 - 1470 = 83$ timar. Dvs. 83 timar ut over 196 dagar.

83 timer er 11 dagar a 7,5 time.

Dvs. at ein rådgjevar i 75 % må i snitt jobbe 37,5 timer per veke i skuleåret og 11 ekstra dagar.

Utrekning; tidsressurspott og rådgjevarressurs

Kor stor tidsressurs har ein skule med 600 elevar og kor mange har ein med 303 elevar?

Rekn ut minimum rådgjevarressurs på ein skule med 600 elevar.

Kva med ein skule med 303 elevar?

Korleis blir arbeidsåret for ein rådgjevar i 60% rådgjvarstilling?

Kap 4 vs kap 5

Oppgåvene til rådgjevarar

Her blir det ein diskusjon om dei to temaa viss
vi får tid

Bruk av tidsressursen

Døme på gode tiltak:

- lærarar som har mange klassar/grupper
- lærarar som har mange elevar
- lærarar som må sette mange karakterar
- Auka ressurs til kontaktlærar
- lærarar som har tilrettelagte klassar med mange ulike utfordringar
- lærarar som har mange framandspråklege elevar
- lærarar som har innføringsklassar for minoritetsspråklege
- lærarar som har mange IOP-ar
- Ressurs til lærarar i klassar som av erfaring treng mykje oppfølging

Bruk av tidsressursen

Døme på tiltak i gråsona:

- Ressurs til ekstralærer inn i klassar permanent eller mellombels

Døme på tiltak som ikkje bør støttast:

- Ressurs til studiesenter (låser ressursar framover)
- Grunnressurs til to kontaktlærarar per klasse på vg1
- Halde igjen ressursar til ein ser kven som får elevar som treng mykje oppfølging
- (Det er mellom anna fare for at ressursen ikkje blir brukt.)

Bruk av tidsressursen

Døme på tiltak som ikkje skal støttast:

- Ressurs til rådgjevar
- Ressurs til leining
- Ressurs til miljøassistentar
- Ressurs til bibliotek
- Ressurs til leksehjelp
- Ressurs til å løyse opp samanslegne klassar

Ta kontakt med HTv-ane viss de kjem i stuss om korleis de best kan kome til ei god løysing på din skule.